

**Ottadalen**  
**- ein stad å bu i framtida**

ÅRSMELDING 2005 SPAREBANK 1 LOM OG SKJÅK

# Ottadalen

## - ein stad å bu i framtida

*Naturen og dei fine opplevingane er for mange noko av det dei set høgst ved å bu i Ottadalen. Ikkje minst er dette verdifullt for barnefamiljar som kan lære borna å glede seg over natur og friluftsliv.*  
Foto: Kjell Sveen Stålevik

Ottadalen er kanskje ikkje er så godt kjent for andre enn oss som bur her. Frå Bråtå, Billingsdalen og Bøverdalen i vest til byen ved Rondane i aust dannar dette dalføret eit avgrensa geografisk område der innbyggjarane på dei aller fleste område sit i same båt og har dei same utfordringane for framtida.

Alle blir vi berre meir og meir avhengige og påverka av den globale utviklinga – både når det gjeld handel, samfunnsutvikling, teknologi, klima og menneskeleg sameksistens. Vi må alle finne oss i ei stadig omstrukturering og sentralisering, som stiller utkant-strok som våre på større og større prøver for å halde oppe folketal, infrastruktur, tryggleiksfaktorar og næringsaktivitet.

Vi har alle dei same utfordringane når det gjeld kommunikasjon og sameksistens med dei store sentra i landet og vidare ut i det store utland.

Vi må alle vere vitne til den veldige teknologiske utviklinga, som med stadig større tempo galopperer av stad og gjer det nesten umogleg for den vanlege kvinne og mann å følge med og halde tritt.

Vi har alle dei same føresetnadene frå naturen si side med vill og vakker natur, rein luft og reint vatn og tilsynelatande lang avstand til dei mange urolege elementa i verda.

Vi har alle det same ansvaret for å forvalte naturen og dalen på ein måte som tek vare på desse skattane og framleis gjer det mogleg å bu og leve i Ottadalen.

Samarbeidet på tvers av kommunegrensene i Ottadalen er i stadig utvikling. Både innan næringsliv, organisasjonsliv og offentleg administrasjon blir det oppretta stadig fleire konstitusjonar og samarbeidsformer. Somme av desse er framtinga av rasjonalisering og innskrenkingar, andre er som følge av bedriftssamanslåing og utviding av aksjonsradius.

Vi har i denne årsrapporten sett fokus på ein del viktige tema som vedkjem oss alle, og fabulert litt om korleis livet i bygdene kjem til å utvikle seg i åra og hundreåra som kjem.



# Ottadalen i dag

Korleis folketalet kjem til å utvikle seg framover, er svært usikkert. Statistisk sentralbyrå meiner Norge vil ha ein folkesetnad på mellom 4,8 og 7,5 millionar i 2060. I seinare tid har Norge hatt ein stabil folketalsauke på om lag 0,5 % i året. Fruktharheita i Norge er betre enn i resten av Europa. Likevel er den ikkje god nok til å halde oppe folketalet. Kor høg innvandring vi kan vente oss, vil derfor vere avgjerande for folketalsutviklinga. Vi vil stadig bli eldre, særleg etter 2013 vil vi merke at eldre vil utgjere ein stadig større del av folkesetnaden. Samstundes tyder statistikken på at vi i enda større grad vil busetje oss meir i sentrale strok. Folketalet er derfor venta å gå ned i såkalla utkantkommunar, trass i ein samla folkeauke i landet.

## Ottadølar i tal og fakta

Per 1.1.2006 var folketalet i Ottadalen 8 597. Folketalet går sakte, men sikkert nedover. Sidan 1951 har folketalet i dei tre ottadalskommunane samla gått ned med 1 370 personar. Det har vore nettoutflytting frå kommunane våre dei fleste åra sidan 1951 - og fødselsunderskot sidan 1970-åra.

Vel 6 % av oss er over 80 år. Om lag 21 % er under 17 år. Landsgjennomsnittet ligg på 4,6 % og 23,6 %.

72,3 % av alle ottadølar mellom 16 og 74 er i arbeid. På landsbasis er dette talet 69 %. Arbeidsløysa vår er ikkje høg - med

2,7 % pr. 1.1.2006, mot landsgjennomsnittet på 3,2 %. Talet på uførepensjonistar var samstundes 10,6 % i Ottadalen, på landsbasis 10,9 %.

Når det gjeld inntektsnivå, ligg vi eit stykke bak. Ei gjennomsnittleg norsk inntekt ligg på 262 800 kroner - i Ottadalen er gjennomsnittsinntekta 202 766 kroner. Inntektsutviklinga er heller ikkje særleg positiv, sett i høve til utviklinga rundt oss. Vi sakkar stadig lenger atterut i forhold til landsgjennomsnittet. Vi har da også færre med høgare utdanning i Ottadalen. Blant kvinnene over 16 år har 14,5 % høgare utdanning. Landsgjennomsnittet ligg på 22,5 %. Av mennene i Ottadalen har 9,9 % høgare utdanning. Tilsvarende tal på landsbasis er 22,1 %. Det er eit faktum at auka utdanning også aukar sjansen for at ein stiftar familie ein annan stad enn på heimstaden, og dermed reduserer moglegheita for å flytte attende til oppvekstkommunen.

Syssetjingsstrukturen i Ottadalen er annleis enn landsgjennomsnittet. Ein langt større del er tilsett i primærnæringane – om lag 20 %, samanlikna med 11,2 % på landsbasis.

Ottadølar er vande med god plass. I Ottadalen bur det i gjennomsnitt 1,8 personar pr. kvadratkilometer.

Landsgjennomsnittet er på 14,1. 34 % av oss ottadølar er busette i tettbygde strok. På landsbasis er talet 77 %.

## Folketalsutvikling i Ottadalen 1951 - 2005

År	Folkemengde pr. 1. januar	Fødselsoverskot	Nettoinnflytting	Folketilvekst
1951	9.967	111	÷122	÷11
1961	9.812	69	÷133	÷64
1971	9450	25	÷1	24
1981	9.526	11	÷25	÷14
1991	9.170	÷38	÷43	÷81
2001	8.801	÷24	÷56	÷80
2005	8.634	÷16	÷21	÷37
2006	8.597			

Tal henta frå Statistisk sentralbyrå



## Arne Brimi: ANSVAR FOR NYE GENERASJONAR

ARNE BRIMI HAR I MANGE ÅR VORE EIN FRONT-FIGUR FOR OSS I OTTADALEN OG DEI EIGENSKAPANE OG VERDIANE VI HAR. DEI SISTE ÅRA HAR ARNE BRUKT MYKJE TID OG KREFTER PÅ Å BYGGJE OPP OG REALISERE PLANANE SINE PÅ VIANVANG.

Trendar kjem og går heile tida, og Arne meiner at vi i Ottadalen må ha "norgesrekord" i gastronomisk forståing. - Det har dei siste 25-30 åra vore sett skarpt fokus på maten og måltidet, og vi sit inne med fantastiske kvalitetar både når det gjeld mellommenneskjelege faktorar som trygg-leik og trivsel - og også kvalitetar når det gjeld råvarene. Dette er verdiar folk i større og større grad vil leite etter og oppsøkje.

- Nå har vi hatt mange år med gastronomisk middelhavstenking. Det norske og det nordiske vil bli den neste store trenden. Nå må vi evne å tilføre samfunnet vårt verdiar frå naturen og utnytte dette - ikkje berre stå og sjå på at dette reiser forbi oss. Det er ikkje tilstrekkeleg å få folk mette. Det vil bli enda viktigare at folk får andre opplevingar og at dei besøkjande ser seg sjølve i ein større heilskap. Her har vi svært mykje å gå på. I den vidare utviklinga av Vianvang har Arne eit nært samarbeid med Matforsk på Ås (Universitetet for miljø- og biovitenskap), der han også er utnemnd til æresdoktor. Her blir det sett fokus på

kva våre råvarer og kvalitetar har som andre område og andre land ikkje kan konkurrere med. Kva har einen i Jotunheimen som reinen i andre distrikt i Europa ikkje har? Kva for eigenskapar har molta, fjellbjørka, gulrota og andre råvarer her i Ottadalen som er unike for vårt distrikt? Det er tidlegare dokumentert at kornet vi dyrkar har heilt spesielle kvalitetar som ikkje finst andre stader - kvalitetar som blir meir og meir etter-spurde. Vi må evne å gjere våre res-sursar kjende: Råvare, smak og aroma.

- Vårt område og våre nasjonalparkar vil i større og større grad bli ei grøn lampe som lyser sterkare enn nasjonalparklamper andre stader i Europa.

Arne arbeider også med å dokumentere si eiga nære fortid. - Forfedrane våre var gründarar på lik line med vinbøndene på kontinentet. Men vi har kanskje i for stor grad prøvd å få fram vekstar som høyrer til andre stader enn å reindyrke og vidareutvikle dei kvalitetane vi sjølve sit inne med. I fortida vår ligg det mykje grunnkunnskap vi ikkje må hoppe bukk over, men ta med oss og utnytte.

- Vi alle har eit stort ansvar for korleis etterkomarane våre skal ha det for å forvalte og utvikle det området vi bur i. For å greie det må vi utfordre dei fantastiske kvalitetane og eigenskapane vi har. Skal vi lykkast med å utnytte dette

fantastiske potensialet, må vi gjere ting saman. Det kviler eit stort ansvar på kvar og ein av oss for at vi og våre etterkomarar framleis skal kunne bu og eksistere her i Ottadalen. Vi MÅ sjå ting saman og samarbeide. Arne har ikkje tru på ein storkommune, men på ei felles tenking.

- På Vianvang skal dei som kjem, oppleve plassen som ei kjelde å ause av, ikkje berre for å bli mette, men for å kunne reise heim med kunnskap om samanhengar som knyter kvar og ein inn i den naturlege veven vi er ein del av. I vår tid har folk alt, men det er alt dei har, blir det sagt. Vi har nådd målet vårt når gjesten dreg sin veg mett og tilfreds og med eit bilde av sin naturlege plass i eit storslått skaparverk." (Frå boka "Tid til overs".)

Arne Brimi meiner det er svært viktig å få synleggjort tankane sine, og ser på Vianvang som ei scene for formidling av verdiar. Noko av det viktigaste er å møte folk tidleg. Like viktig som tidleg kontakt med mor er tidleg kontakt med luft og smak for at vi skal kunne utvikle evnene våre. Skuleklassar frå Ottadalen er titt og ofte på vitjing på Vianvang, og får rikeleg med sanseleg påfyll. Ikkje alle likar alt dei får servert, men alle reiser heim att ei stor oppleving rikare. På bildet er det ei klasse frå Loar i Lom som fyller opp sansetankane (Foto: Trine Sanden).



## Guttorm Horten:

### DET ER SNART NESTEN IKKJE EIN TING SOM ER ATTKJEINNAN

GUTTORM HORTEN BUR OG DRIV GARD I BØVERDALEN I LOM. HAN HAR HEILE TIDA VORE ENGASJERT I DET SOM SKJER I SAMFUNNET, OG HAR LANG FARTSTID BÅDE I NORGES BONDELAG, KOMMUNESTYRE/FORMANNSKAP, SLAKTARISAMVIRKE, NKL OG I STYREVERV I LOKALT NÆRINGSLIV.

- Ottadalen er Vågå, Lom og Skjåk. Dette er ein sidedal åt Gudbrandsdalen, som hysa desse tri bygden'. Samla har desse eit areal på 5 200 km<sup>2</sup>, omtrent.

Bygden Luster, Jostedal og Stryn i Sogn og Synnlyven, Nordal og Grytten i Møre og Romsdal er grannane i vestleg retning. I nord, aust og mot sør er grannebygden Lesja, Dovre, Sel, Heidal, Nord-Fron og Vang. Høgde over havet er lågast med 330 m austafør Lalm og høgst på Galdhøpiggen med 2469 m. Dei store elvene som samlar seg i Otta er Vulu, Åstre, Tundra, Skjåk, Aura, Bøvre, Tessa og Finna. Naturen byr fram store kontraste - frå rolege landskap rundt Vågavatnet til tronge fjelldalar med høge fossefall og ville, bratte brear.

Her har det budd folk i lange tider, som har fått prøvd seg under vekslende tilhøve, både når det gjeld natur og klima. Kor mange som har halde til her syner folketejingane. Midt på 1700-talet var det 4626 som budde i desse tri bygden. 100 år seinare var det kome opp i 10 000. Da vart det nok trangt åt mange og utvandringa åt Amerika vart løysinga. Utvandringa førde til ein nedgang i folketalet til under 7500 rundt 1910. Dei siste 100 åra har det vore jamn vekst, men den siste tida har det vore ein merkbar reduksjon i folketalet.

- Den som er såpass gånemøl at 'n er uti kveldsøkte komen, kan bli forundra på alt som har forandra seg. Det er snart nesten ikkje ein ting som er attkjeinnan'. Mangt i desse utviklingen har ikkje vore berre heldigt for desse bygdåm, sjølv om oss i dag har fått ein heilt an' situasjon på mange måtar når det gjeld velstand. Frå eit naturhushald slik det var og fram til i dag, da oss snart ikkje drikk den mjølka oss sjølve produserer, er det eit langt sprang. Alt har vorte industri og masseproduksjon. Mangt tå di oss trøyng, kjøm frå land som ligg langt unda. Oss ha fått så høg ein såkalla levestandard at oss vinst ikkje steille te alt oss trøyng sjølve lenger, og det er vel dette som er så forandra. I grendåm rundt i Ottadale' var det for ikkje så lenge sidan handverkarar av alle slag. Det var smede', snikkare', timbrare', sydamå', spånåkjerringå, reipslagere og laggare. Bord og beinkje, glas og døre vart lågå i bygdø. I sengjåm var åkle og skinnfeille, kvitil og hugugjerd - heimgjorde. Under krigje' hadde e sko 'tå heimbarke lær. Eg visste kå te ku som hadde brukt skinnit fyry meg. Og slik kan det nemnast, både mykij og mangt. Det var bruk for mange hender, for å skaffe til det mest nødvendige. Ofte vart det nok i minste laget tå ymse ting.

Men forandringane kom. I jordbruket kom det redskap av ymse slag som gjorde ting meir lettvent. Slåmaskina, betre plogar og høyriva letta på arbeidet der det var lagleg lende. Men ljaen var flittågt brukt, enda. Det vart ikkje attstående mange grastuste når slåtten var over. I desse bygdåm høyrde det sætrer til di fleste garde av ein viss storleik. Der låg budeia med krytyrån, både ku og geit, heile sårn. Og sæterkveien' vart vel 'tåynna, og det var mykij fôr som vart heimkjørt om vinteren. I

dag er det slik at dei aller fleste sætren' er ikkje lenger i bruk som sætre. Ein heil kultur vart burte med desse.

Etter kvart vart det mindre bruk for arbeidskraft i jordbruket, og det vart samtidig dyrare å leige inn folk. Dermed kom ei periode framover etter krigen som vart kalla "flukta frå landsbygda". Mykij ungdom, også frå Ottadalen, vart med i dette dragsuget. Dei fleste fanst vel att i Oslo.

På 50-talet kom traktoren. Da starta ei ny tid. Ting tok til å forandre seg. Alt skulle gå med større fart. I vegvesenet overtok maskinane for vegarbeidarane. Stubbebrytaren, minnbåm, feisel, spådeyn og trillbåra vart burte for godt. Det vart ikkje lenger daglegdags å få ein prat ved vegvoktare over hafella.

Det kom liksom ei ny tid på mange måte'. Oss fekk det meir travelt. Oss tykte oss skulle få gjort meir. Det vart meir sjeldan ærend åt grannåm og dermed mindre samkvem. Her er det vel ting som kan ha dutte tå lasset for oss. Den tidbolken frå førre hundreåret som her er omtala har ført til så store forandringar at folk aldri før har opplevd noko liknande.

Denne tida kjøm aldri att, og ein kan seia som Olav Aukrust sa det: "Burte er den tid som spor etter båt over haustblå høl". Men det stanar ikkje her. Farten blir berre større på vegen mot ei ukjend framtid.


Dette er stutt fortalt om eit emne som det kunne ha vore skrivi bøk om. Men eg har i grunn' forstått dette oppdraget slikt at eg måtte ikkje båkå leiven større eill 'n rymme' på bakstheiløyn. Da bli' ikkje jarein steikte som døm ska'.

### Bumønster

Dei siste 100 åra har Norge utvikla seg frå å vere eit bygdesamfunn til å bli eit bysamfunn - frå å vere eit landbrukssamfunn til å bli eit industrisamfunn. Landet vårt var tidleg på 1900-talet eit landbrukssamfunn, der storparten av folkesetnaden budde på bygden.

Industrialiseringa utover hundreåret gjorde sitt til at stadig fleire flytte til dei store byane, og til framvekst av "bygdebyar". Samstundes vart bygden "avfolka" i eit stadig raskare tempo

på grunn av utvandringa til Amerika. Etter andre verdskrig var det eit mål for norske styresmakter å sikre forbrukarane tilgang på norskproduserte varer, stimulere til eksport og effektivisere landbruket for å trygge matvaretilgangen til heile landet. "Flukta frå landsbygda" er eit mykje brukt omgrep frå den norske etterkrigstida. Dei prognosane vi har for framtida, tyder på at denne "flukta" berre vil halde fram ved at stadig fleire vil bu i byar og bynære strøk.



Å spå um kå som vil hende i ei framtid her i desse tri Ottadalskommunåm er nesten farleg å gje seg ut på. Men, kvar og ein tå oss har vel rett til å ynskje, ja kanskje som i ein løynd dråm, sjå for seg det oss gjerne ser vil vera med å forme ei framtid som vil bli slik at folk finn trivnad ved å fortsatt bli buande i desse vakre bygdom.

Det vil vera uheldig viss ein stor del tå innbyggjaråm krek for mykky i samem mot bygdasetråm. Skal ressursane som finst i jord og skog, turisme og reiseliv bli nytta, må det bu folk heilt uti avkrokåm slik dei har gjort før. Oss må nytte det oss har. Sommar-skisenteret på Juvbreen og Lom Tamreinlag brukar naturen heilt til himils, og båe delar ser i dag ut til å greie seg godt. Dette er gode ting å ha her i bygdene. Sjølv om mangt tykjyst trongt og karrigt på mange måtar, må oss hå true på det oss driv med. Pessimisme må ikkje få overtaket - korkje i landbruk eller andre næringar.

Det har alltid vore eit godt to i folkje som bur her. Oss har fått eit stort ansvar som skal tå vare på desse vakre bygdåm våre inn mot ei ukjend framtid. Eg trur at når oss evnar å få til samarbeid og trivsel som strekkjer seg over heile Ottadalen og tek rett åt di oss skal drive med, vil dette gå bra. Eg vil slutte med nokre linå utu' diktet "Emne" av Ola Aukrust:

"Som du skynar er det sanna at i millom berg og steinvar og er det eitt og anna godt for både merg og mein. Mang ein steinut, hardreidd gard fullgodt køynn så ofte bar. Sole glødde, regnet flødde over sterke, brende gjøddeskriujorde, garden sanna vil kårsordi: vart han røkta, vart han stelt grjon det vart som vekti heldt." Ottadaleer ein slik gard. Lykke til.

## Utviklinga av bygdasentra i Ottadalen

	1920	1950	1997	2005
<b>Samla folketal Skjåk, Lom og Vågå</b>	<b>7834</b>	<b>9893</b>	<b>8849</b>	<b>8634</b>
<b>I "tettbygde strok eller i bygdasentra"</b>	<b>581</b>	<b>1738</b>	<b>3068</b>	<b>3109</b>
	<b>(7,4%)</b>	<b>(17,5%)</b>	<b>(34,7%)</b>	<b>(36,1%)</b>

Som tettbygde strok er det for 1950 rekna med Lalm, Vågåmo, Tessand, Fossberg, Galdesand, Ånstad, Ofossen, Bismoen og Nordberg.

For 1997 og 2005 er tala henta frå Statistisk Sentralbyrå. Eide: Ottadalen (1920 og 1950).



## Ellen Wold: EN GRUNN FOR Å BLI



Båe foto: Kjell Andersen

ELLEN WOLD ER FØDD I 1943 I STOCKHOLM. HO VOKS OPP OG BUDE MYKJE I UTLANDET, ER ØKONOMUTDANNA OG HAR ARBEIDD I EIGEDOMSBRANSJEN OG MED BALLETTSKOLE PÅ FRITIDA. ELLEN FLYTTA TIL NORDHERAD FOR FIRE ÅR SIDAN. HO ER SKRIBENT, FOTOGRAF OG FORMIDLAR AV KUNST- OG KULTURUTSTILLINGAR.

- Det forekommer meg at vi fra fødselen av har en iboende trang til å overleve; en livsglød av nysgjerrighet og glede som er i bunnen av det å være. En kan undre seg over at den gode følelsen av å leve for noen avtar med årene. De fleste vil leve lenge. Nysgjerrigheten burde bare tilta, ettersom erfaringene er lagret i følelseslivet.

For noen blir det slik. Andre velger sorg og bitterhet, og nyter det. En del av oss avslutter det hele etter lengre og modne beslutninger.

Vi er på livets vei og modnes mot det ukjente. Et sted underveis forstår vi de grunnleggende kvaliteter som skal til for å ha det godt. Med bevisste tanker om å ta vare på sin egen glede, omsorg for andre, å gjøre gode gjerninger for fellesskapet og enkeltmennesket, respekt for livet omkring, innlevelser i andres følelsesliv og valg. *Vi forstår at vestens sløseri og enorme overforbruk ikke bringer livskvalitet med seg.*

Ned fra fjellet kom tre staute karer i sin beste alder, i godt brukt fjelltøy, svette, slitne etter strabasjose anstrengelser for å se etter jervens herjinger blant reinen. Ryggbøren var tung. Forsiktige tunge mannetrinn kom meg i møte på vei oppover. Vi kjentes ikke. Vennlig, smilende respektfulle blikk nærmet seg. Like ved forbiPASSERING oppdager de på likt noe de bøyer seg ned etter. Alle har de vårens første blomstrende røsslyng i hendene. *Se, røsslyngen har kommet!*

En handling uten fornuft, men uendelig vakker. Røsslyngen hadde sin egen verdi, i øyeblikket mye større enn noe annet. Nyttan var å glede

seg over naturens mystiske oppkomme etter den kalde vinter-dvale.

Min klare bevissthet sa meg: Her vil jeg være, blant disse vennlige, freidige sjeler ønsker jeg å tilbringe min tid. Den gode følelsen av "værelykken" overvældet meg. Møtet gav meg innsikt i den visdom og klokskap disse karene fremdeles besitter i forhold til livsgrunnlaget på jorden. *Den livsglade holdning til den fri natur har et helhetsbilde.*

Vi er inne i århundrets største utbygging og utnyttning av naturressurser. Hastige og forbruksinteresserte avgjørelser taes både for rask egenvinning eller for gøy og moro i øyeblikket. Alt i det fordekte spill om noen flere arbeidsplasser.

Det stille, rolige, oppbyggende livet på landet blir av oppblåsbare kjøkkaser og dagdrivende sportsmenn sett på som annenrangs. En del mennesker som ikke vil overholde lover og regler, hvis de selv ikke har økonomisk fordel av det. *Samfunnet endrer seg fortere enn røsslyngen fornyer seg. Det må en tankeendring til for å forstå dette.*

Livskvaliteten burde kunne måles i gode, dype følelser og relasjoner, ikke i økt forbruk, fart og spenning. Verden er blitt et hjemløst sted å være. Biler

### Bygdesentra

I Ottadalen har det også vore ei intern "flukt" frå grendene. Stadig fleire ønskjer å bu i tettbygde strok og bygdesentra blir stadig meir utbygde. Ei lokal sentralisering frå grendene og inn til bygde-sentra har vore typisk for utkant-Norge dei siste 20-30 åra.

Utviklinga har delvis tvinga seg fram og delvis vore ei bevisst satsing for å leggje tilhøva til rette for å kunne halde oppe folketalet i bygdene. Samstundes som talet på innbyggjarar ute i grendene har gått ned, har stramme budsjett tvinga fram kommunale prioriteringar. På denne måten har ein nå bygdesenter i alle tre ottadalskommunane med godt utbyggt infrastruktur, gode handels- og servicetilbod og attraktive bustadområde.

### Kor vil vi bu?

Vi har heilt ulike krav til kor vi vil bu ut frå livssituasjon vi er i. Kjøn, livsfase, behov, verdiar, preferansar, ressursar og kompetanse er alt med på å påverke oss. Også ein del andre ting er avgjerande: Statsidentitet,

relasjonar til slekt og venner, omgjenvader i høve til bygningar, este-tikk, butettheit, funksjonar som næringsstruktur, arbeidsmarknad, tenestetilbod, kommunikasjon, kultur, livsstil, landskap, natur og rekreasjonsmoglegheiter.

Ei undersøking i Hedmark og Oppland, gjennomført av Østlandsforsk, kom fram til at innbyggjarane i dei to fylka er godt nøgde med moglegheitene for naturopplevingar, rekreasjon, fritidstilbod og sosialt liv. Vi er også nøgde med tenestetilboda i kommunen, men ikkje med kulturtilboda rundt oss. Same undersøkinga laga ei oversikt over levekår, der det mellom anna er sett på sosialhjelpstilfelle, dødstal etter alder, uførepenjonistar, attføringstilfelle, voldskriminalitet, arbeidsledige og mottakarar av overgangsstønad. Her kjem Nord-Gudbrandsdalen godt ut i høve både til dei andre regionane i Hedmark og Oppland, og til heile landet. Ei slik undersøking gjev eit bilde på "helsetilstanden" til regionen, og kan vere ein viktig faktor for personar som ønskjer å flytte hit.



og fly forflyttes, forurensar, støyer for å bringe forbrukere til en illusjon i stillhet i fjellet. Borte er nøysomheten, og inn kommer nytelsessamfunnet. Opplevelsen av at urbefolkningen her fremdeles har en iboende, naturlig snillhet, ærlighet, troverdig vennlighet, er påfallende. Enda noe mer uberørt og naturlig. Den bevisste oppdagelse av at mennesket i seg selv har sin egenverdi, likeså alt i naturen. *Rom for ettertanke i fri natur, besinne seg selv for vidare valg.*

Blant de høye fjell og vidder når du kommer opp, er vi nærmere himmelen enn byens avgrunn. Er man fremdeles villig til å ta noen grep om å verne om disse verdier? Slik verdibyggning skapes av meningsdannelse, tuftet på intellektuell redelighet og økt motstand mot overlesset *fornøyelse alle steder.*

Livets visdom er allerede til stede og brukes daglig i de små, nøysomme fellesskapene. Det er viktig å ikke sove i timen.

*Viljen må fattes til å bevare stedets opprinnelige natur og de omsorgsfulle mennesker som har forstått livets dypere mening i seg selv.*

Vi må sikre naturverdiene for oss alle og våre etterkommere slik at jorden blir et bedre sted å være på. Uberørt og vill natur er her. De gode, glade følelsene av å være til stede gjør at fornuften tilsier miljøvern.

Hvis det er slik at Norges befolkning er grunneier av godene som produseres i distriktene, burde også en viss prosent av overskuddet øremerkes tilbakebetaling til det opprinnelige produktionsstedet. Menneskene som bor på utvinningsstedet, skulle få bonus for sine livskvaliteter.

Naturen er unik og fornybar, det viktigste i livet kan ikke måles i kroner og ører, bare i det indre dype emosjonelle rommet vi alle utstyrt med. Uberørt natur og omsorgsfulle mennesker er gode nok grunner for å være her og kjempe for vern av disse. Hva skal vi med kunnskap om mer forbruk hvis vi ikke vet å være gode, hjelpsomme og glade for hverandre?



Arbeid er ein faktor som for mange er viktig for kor dei skal busetje seg. Men arbeid er ikkje i seg sjølv ein nødvendig føresetnad for at vi skal trivast ein stad, eller flytte til ein stad. Arbeid er likevel svært viktig når det gjeld inntekt, å gjere noko meningsfullt, å kunne bruke evnene sine og å etablere sosiale relasjonar.

### **Tryggleik**


Tryggleik er viktig for alle, same kor vi bur. Det er mykje som spelar inn når vi skal definere kva det vil seie å vere trygg. Tryggleik er den viktigaste motivasjonsfaktoren for kor vi ønskjer å bu - utan omsyn til alder, kjønn og bustad.

Det å kjenne seg trygg på å få rask og god hjelp dersom vi blir ramma av sjukdom, ulykker, krimi-nelle handlingar, brann eller liknande er viktig for oss alle. Samstundes er dette noko av det som i størst grad skil oss som bur ute i distrikta og dei som bur i byar og tettbygde strom. Dei store avstandane vi

har i Ottadalen, gjer at det å få fram hjelp til alle krikar og krokar kan ta tid.

Diverre er det slik at vi må kjempe ein hard kamp for å halde oppe denne tryggleiken på eit akseptabelt nivå. Ein tur i ambulanse til sjukehuset på Lillehammer tek lang tid, til dømes for fødande. Dette resulterer kvart år i fleire transportfødsjar blant kvinner frå Ottadalen (11 i 04 og 5 i 05).

Avstandane i Ottadalen får vi ikkje gjort noko med. Difor er det viktig at vi har god beredskap og stutt uttrykkingstid når noko skjer. Kor store ressursar styresmaktene vel å bruke på dei viktigaste og mest innlysande tryggleiksfaktorane våre i framtida, betyr mykje for oss. Det er også eit faktum at fleire av dei yrkes-gruppene som tek vare på sikkerheita vår, slik som jordmødrer, politi, legar, ambulansepersonell, ofte har dårlegare ordningar og lønn når det gjeld vakt-beredskap enn kollegaer i meir tettbygde strom. Dette kan gjere det vanskeleg å rekruttere folk i framtida, dersom ikkje situasjon blir betra.



Det er mange ulike faktorer som er med på å bestemme kvar vi vil bu. Det syner seg at trivsels- og tryggleiksfaktorar for mange av oss er mest avgjerande. Foto: Asbjørn Myrhaug



Men sjølv om vi på mange måtar blir liggjande etter når det gjeld offentleg tilrettelegging av tryggleiksfaktorar, er det andre ting som gjer at vi kan kjenne oss trygge. Drap, ran, voldtekter og anna volds kriminalitet er ikkje så tett innpå oss. Når det gjeld terrorhandlingar, er vi heller ikkje truga på same måte. Den internasjonale terroren aukar stadig, ein uroleg verdssituasjon med bomber som råkar uskuldige, gjer at mange kjenner seg utrygge.

Tryggleik innan oppvekstmiljøet for barn og nærleik til naturen er argument mange småbarns-familiar kjem fram med når dei skal forklare kvifor dei vel å bu i Ottadalen For mange er det er det viktig å kjenne naboane, foreldra til barna sine venner og lærarane i skulen.

### Vegen i og til Ottadalen

Vegen er viktig for oss i Ottadalen. Vegene det einaste alternativet vi har. Difor er også kvaliteten og tryggleiken på vegene ekstra viktig. Rv 15, som er gjennomfartsåra vår, er også ein viktig veg for å knyte austland og vestland saman. Statens Vegvesen har eit teljepunkt vest for Vågå. Gjennomsnittleg døgntrafikk på dette punktet er 2 600 kjøretøy. Av dette er 364 kjøretøy for tungtransport (kjøretøy på 5,5 meter eller større). Tungtransporten gjennom dalen aukar stadig, og er venta å auke enda meir når

Eikesundsambandet er ferdigstilt i 2007. Difor er utbetring av E6 og rv 15 viktige satsingsområde for oss framover.

Dei store avstandane i Ottadalen og til sentrale område av landet er eit stadig attendevendande problem. Vi bur på ein av dei plassane i landet som er lengst i tid frå Oslo. Vi har ikkje nokon flyplass i umiddelbar nærleik, og vi kan heller ikkje berre hoppe på eit tog. Det er ikkje like enkelt for politikarar og næringsliv å reise for å påverke sentrale styresmakter eller få presentert saker i media. Ofte ser vi også at vegene til Ottadalen er mykje lengre enn vegene frå Ottadalen.

Det er spennande å tenkje på kva vi kan forvente oss av moderne kommunikasjonsmiddel i framtida. Kan vi for eksempel om nokre år stille oss opp på ein haldeplass der eit helikopter plukkar oss opp og flyg oss vidare til Oslo?

Forskarar meiner vi kanskje alt i løpet av nokre tiår må innføre personlege CO2-kvotar. Dersom vi innan den tid ikkje har utvikla kommunikasjonsmiddel som er meir miljøvennlege, vil det bli vanskeleg å reise rundt om i verda. Ikkje minst vil det bety at vi må finne nye måtar å transportere varer på.

## Håvard Teigen: INGA KRISE FOR OTTADALEN



Foto: Elias Sperstad/GD

HÅVARD TEIGEN ER OPPHAVLEG SKJÅKVÆR, OG PROFESSOR VED HØGSKULEN I LILLEHAMMER MED FAGOMRÅDA DISTRIKTPOLITIKK OG REGIONAL UTVIKLING.

Håvard Teigen trur ikkje Ottadalen kjem til å gå inn i nokor "krise" med det første.

- Det heldige med Ottadalen er at vi tåler sterk folketalsnedgang utan at folk misser dei viktigaste velferdstilboda. Det som også skjer er ei "indre sentralisering", der kommunesenteret veks og utkantgrendene blir uttynna, seier Håvard Teigen. Han meiner at i framtida vil byggjefelt eller einskiltbustader i grendene bli mindre populært, og at barnehage- og skuletilbod stort sett berre vil vere å finne i kommunesentra. Han understrekar at dette er ei krise berre dersom innbyggjarane i kommunen sjølve gjer det til eit problem. - Det er etter mitt syn for lengst slik at dei gamle grendefellesskapa er skifta ut med nye fellesskap. Dei fleste av desse er allereie i kommunesenteret.

Ottadalen har vore gjennom fleire epokar når det gjeld statusen til distriktet.

- På 50- og 60-talet hadde byane større status enn bygdane. Det var typisk at folk i Ottadalen sa at "den familien har så flinke ungar. Dei har alle fått seg arbeid i byen -". Dette endra seg i løpet av 1970-talet. Plutseleg sa dei same folka at "den familien har så flinke ungar - dei har fått seg arbeid i bygdane -". På 70-talet var det også større tilbakeflytting til bygdane enn nokon gong både tidlegare og seinare, fortel Teigen.

Håvard Teigen seier at situasjonen i dag er slik at det finst eit vell av trendar og retningar samstundes. Ein trend er at mange ønskjer seg attende til Ottadalen ved eit visst punkt i livet, ein annan er at studentar søker seg til dei største byane, og at unge menneske vil bu i bykjernane.



## Berekraftig utvikling

Vi høyrer stadig uttrykket "berekraftig utvikling". Berekraftig utvikling er ei utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekt sine behov.

Å byggje opp samfunnet vårt med tanke på ei berekraftig utvikling er viktig, og er ei oppgåve som også vedgår oss lokalt. Det er viktig at vi ser levesettet vårt i eit generasjonsperspektiv. I dagens samfunn tærer vi på naturen slik at helse-tilstanden til jorda stadig blir verre. For å kome i balanse må vi berre hauste av avkastninga på naturkapitalen - ikkje av naturen og jorda sjølv. Til dømes brukar vi olje og andre ikkje-fornybare energikjelder i eit mykje raskare tempo enn vi greier å finne nye, fornybare energikjelder. Miljøspørsmål blir stadig sett på dagsordenen. Avtaler blir undertekna og kontrollen betre.

Likevel er det slik at global oppvarming og klima-endingar kan gjere store område ufruktbare eller overfløymde. Avskoginga held fram, folke-talet veks, store delar av menneska på jorda manglar reint vatn og forskjellen mellom rike og fattige aukar. Det er eit mål at både produksjon og forbruk må bli meir miljøeffektivt, slik at naturgrunnlaget kan nyttast til større verdiskaping i høve til forureining, råvare- og energibruk utan at vi bryt tålegrensa til naturen. Det blir stadig sett i verk nye tiltak for å oppnå dette. Norge er eitt av dei industrilanda som har kome lengst i å ta i bruk miljøavgifter i kampen mot forureining. Inntekter frå miljørelaterte avgifter var i 1998 3,5 % av brutto nasjonalprodukt i Norge.

## Søppel

Vi produserer enorme mengder søppel i løpet av eit år. På landsbasis blir det kasta 626 kilo avfall per innbyggjar i året. I Otta-dalen ligg tilsvarande tal på om lag 414 kilo. Å rekne avfall i kilo per innbyggjar gjev ikkje eit svar med to strekar under. Det er mykje som spelar inn på ein slik statistikk. Bedrifts-avfall og hytteavfall går inn i statistikken og blir fordelt på alle innbyggjarar. Avfalls-mengda er også heilt avhengig av innsamlingssystemet. Der matavfall blir samla inn for seg, blir gjerne same søppeldunk også brukt til hageavfall, som i utgangspunktet ikkje er restavfall. I Ottadalen er matavfall ein del av restavfallet som blir levert samla.

## Vær og klima

Klimaet er heilt avgjerande for livsgrunnlaget i Ottadalen. Eit område med like lite nedbør ville ha vore ørken mange andre stader i verda. At det likevel er grønt og frodig her, kjem av at temperaturen er låg. Meteorologisk institutt har utarbeidd eit scenario som fortel at fram mot 2050 vil nedbøren i Skjåk auke med 6 % på årsbasis, og at dette mest vil kunne merkast om vinteren. Vi kan ikkje vere sikre på korleis klimaet vil bli i framtida. Forskarar har mellom anna kome fram til at i år 2070 kan Nordpolen vere isfri. Det er også utarbeidd eit framtidsbilde for landet under eitt, som syner at gjennomsnittleg årstemperatur kan gå opp med 2,5-3,5 grader fram til 2100. Vintrane vil kunne bli mildare, og maksimaltemperaturen om somrane kan bli høgare. Forskjellane på årstidene vil kunne bli mindre ved at talet på mildvêrsdagar om vinteren aukar, og varme sommardagar vil bli vanlegare. Årsnedbøren fram til 2100 vil kunne auke med alt frå 5 til 20 %, avhengig av landsdel. Landsdelane aust for vass-skiljet vil kunne oppleve fleire dagar utan nedbør, medan landet elles i større grad vil oppleve ekstreme nedbørsmengder.

## CO<sub>2</sub>-KVOTAR KAN BLI EIN REALITET

Miljøprogrammet til FN har slege fast at vi i den rike delen av verda må redusere energibruken vår til ein tidel av dagens nivå. Forskarar meiner mellom anna at vi i framtida må innføre personlege CO<sub>2</sub>-kvotar.

I 2005 oppnemnde regjeringa eit lågut-sleppsutval som skal utgreie korleis Norge kan kutte nasjonale utslipp av klimagassar med 50-80 % innan 2050. Utvalet skal presentere ein rapport hausten 2006, og vil med sikkerheit også kome inn på problemstillingar

kring innføring av CO<sub>2</sub>-kvotar for å redusere mengda av klimagassar vi slepper ut i luftrommet.

CO<sub>2</sub>-kvotar kan kome som ein personleg kvote for kvar enkelt innbyggjar i Norge, Europa eller heile verda. Kvar av oss kan få ein årleg kvote for CO<sub>2</sub>-utslipp vi ikkje kan overskride. CO<sub>2</sub>-kvotar vil i høg grad kunne avgrense persontransporten, og det kan bety slutten på moglegheiter for å gjere fleire flyreiser årleg, og gjere at vi i stadig større grad må tenkje på korleis vi kan

kutte ned på bilbruken vår - eller finne transportmåtar som ikkje fører til CO<sub>2</sub>-utslipp.

Ikkje minst vil CO<sub>2</sub>-kvotar avgrense varetransport i stor grad. Det energiforbruket som må til for å frakte varer mellom verdsdelane, vil kanskje gjere at ein må tenkje energiforbruk framfor pris. Det kan kanskje bli slutt på at matvarer blir transporterte over heile verda, kanskje må vi i alle land bli meir sjølvforsynte



Vi er avhengige av å forvalte naturressursane våre på ein fornuftig måte.  
Foto: Asbjørn Myrhaug

## Rune Øygard: VI MÅ STÅ PÅ!



Foto: Ketil Sandviken/GD

RUNE ØYGARD VOKS OPP PÅ GARDEN ØYGARD I SKJÅK, OG HAR HEILT SIDAN OPPVEKSTEN VORE SAMFUNNSENKASJERT OG OPPTEKEN AV LOKAL-POLITIKK. HAN ER NÅ INNE I SIN TREDJE PERIODE SOM ORDFØRAR I VÅGÅ.

Det er langt frå Skjåk, Lom og Vågå til hovudstaden - men mykje, mykje lengre frå hovudstaden til Ottadalen. -Tilsette og folkevalde i kommunane i Ottadalen er stadig på dagsturar for å delta på møte i Oslo, eg ser ikkje på det som noko problem. Men når nokon skal kome frå Oslo og til oss, må det til mykje planlegging. Her er det haldningar som må endrast, vegen er ikkje så lang som mange trur. -Ny teknologi har også gjeve oss nye måtar å kommunisere på, som gjer det enklare å halde kontakt med til dømes stortingsrepresentantar eller regjeringsmedlemmer.

Rune Øygard meiner at det er svært viktig å heile tida fore regjeringsmedlemmane med kunnskap slik at dei veit noko om verkelegheita i Ottadalen. Han meiner det ikkje er noko problem å halde oppe ein nær dialog med styresmaktene, sjølv om dei er langt frå oss. Han understrekar at vi er inne i ein viktig periode nå, med ei regjering som har eit grunnsyn som bør kome distrikta til gode.

Når det gjeld dei riksdekkjande media, er ordføraren meir skeptisk. - Media skaper haldningar, dei for-

mar folk, spesielt ungdommen. Berre sjå på alle Akersgataavisene og alle trend-blada, dei er nærast kjemisk reine for stoff frå Ottadalen. Og skulle vi finne eit oppslag, er det anten komisk eller tragisk. Det er sjeldan riksdekkjande medium reflekterer over det gode liv i distrikta eller folk som har lykkast godt utanfor byane. Media påverkar sjølv sagt også politikarar. Vi treng objektive medium som er meir positive til bygdene.

Men når dette er sagt, framhevar han Arne Brimi. Han meiner Ottadalen er i ei særstilling som har Arne Brimi som ambassadør. - Ingen set Ottadalen på kartet slik han gjer det. Han er truverdig, og han har evna å vere aktuell i svært mange år.

I Vågå har kommunestyret forlengt vedteke at sutring er forbode, og at i Vågå skal ein sjå moglegheiter og ikkje hindringar. Men ordføraren ser så absolutt at verken Vågå eller andre kommunar i Nord-Gudbrandsdalen kan gjere ein solokarriere.

- Vi må ha fokus på dei verdiane og kvalitetane vi har. Det er viktig at kommunane står saman, at vi pratar pent om kvarandre, og at det ikkje berre blir med praten. Vi må ha handling, vi må prioritere meir samordna enn vi har gjort til nå. Vi møter store, felles utfordringar heile tida. Kjem WTO-avtala i hamn, kan det bety alvorlege struktur-endringar - ikkje berre i landbruket i dalen, men også i kommuneøkonomien og stutt sagt over alt.

- Ei av dei største utfordringane vi står overfor i framtida, er ramevilkåra til næringslivet. Det viktigaste er å ta vare på det vi alt har i dalen, det er arbeidsplassar som er både både billige og lette å føreseie. Men vi ønskjer oss sjølv sagt nye også.

Rune Øygard er oppteken av at mange leitar etter rolege lokalsamfunn med stabile tilhøve og gode oppvekstvilkår for barn. For mange er dette mangelvare. Difor buset dei seg i randsonene til dei største byane og pendlar på jobb kvar dag.

Han meiner at bedriftene difor gjer lurt i å etablere seg der folk trivst, og at det gjerne kan vere i Ottadalen.

- Det er berre dei bedriftene som har publikum ståande ved døra, i hovudsak handelsverksemdar, som ikkje kan etablere seg her. Vi har stabil arbeidskraft, lite sjukefråvær, flinke folk og folk som i større grad legg ned ein heilhjerta innsats for arbeidsplassen sin. Men for å få bedrifter til Ottadalen, må vi vere offensive overfor næringslivet, seier Vågå-ordføraren.

Vågå si solskinnshistorie i så måte er rekneskapsavdelinga til ICA (tidlegare Hakon). ICA og den tidlegare eigaren Stein Erik Hagen har ved fleire høve framheva kor fornuftig eit val dette var for dei. - Etter at Hagen kjøpte Sundhågån og fekk tilknytning til Vågå, fekk vi eit godt forhold til han, vi utfordra han difor på om delar av verksemda kunne flyttast til Vågå. Han trudde på ideen og på oss, det var likevel få i det daverande Hakon-konsernet som hadde tru på dette. Men etter ein del sonderingar skar Hagen gjennom og ville prøve. Det er gledeleg å høyre at han seinare har framheva dette som god business for konsernet.

Rune Øygard meiner at næringsutvikling i distrikta er heilt personavhengig. - Vi må spele på nøkkelpersonar, og vi må fange opp bygdeidentiteten deira, anten dei sjølve er utflyttarar eller har forfedrar som er frå dalen.

- Ottadalen har eksportert mange personar som i dag er sentrale i norsk samfunnsliv, både innan privat og offentleg sektor. Det er berre så synd at ikkje fleire av desse har sett moglegheitene av å satse i heimemiljøet sitt. Ottadalen er ein stor eksportør av hjernekraft, hevdar Vågå-ordføraren.



## Eit samfunn i endring

Vi lever i ei tid der samfunnet er i stadig utvikling og forandring. Ting skjer raskare og raskare, og det blir meir og meir krevjande å halde seg oppdatert.

Vi kan alle yte vårt for å møte dei utfordringane vi står framfor når det gjeld å oppretthalde livsgrunnlaget i Ottadalen og andre utkantsstrok. Men det kommunale planleggings- og utviklingsarbeidet blir stadig meir avgjerande for om lokalsamfunn skal lykkast.

Kommunane og heile regionen er heilt avhengig av den utviklinga som skjer elles i samfunnet  
- slik som fylkeskommunale tiltak og satsingar, statlege prioriteringar, politiske retningar og filosofiar og dei grep, lover og pålegg som blir gjorde på europeisk plan.

Verdssamfunnet generelt er dessutan i stadig endring, med ei utvikling i dominansen mellom stormaktene, EU og ei veldig økonomisk utvikling i folkerike land som Kina og på heile det afrikanske kontinentet.

### Syssetjing og næring

Jordbruket har i alle tider hatt ei sentral stilling i Ottadalen, og store delar av folket i Ottadalen har på ein eller måte hatt sitt levebrød knytt til gardsbruk og aktivitetar rundt dette. Dei siste 10-20 åra har det vore ei stor omvelting med heilt nye og strammare rammevilkår frå staten si side. Mjølkekvotar har skifta eigarar, mange gardsbruk ligg brakk, nye, store samarbeidseiningar er oppretta, og det er gjort forsøk på mange

alternative driftsformer som økologisk drift, småskala matproduksjon og kombinasjon gardsbruk og turisme.

Frå ei tid der gardane fungerte som eigne samfunn med mange generasjonar samla, fleire familiar med tenestefolk og husmannsplassar, har det vore ei utvikling der stadig færre har jordbruket som hovudnæring. Prosentvis fordeling av talet på sysselsette i jordbruket i høve til samla yrkesaktive følgjest åt nokså nøye i kvar einiskild kommune i Ottadalen. Frå nær full sysselsetting i jordbruket tidleg på 1800-talet syner statistikken ein drastisk nedgang. I etterkrigstida - og særleg dei siste tiåra - har talet på yrkesaktive direkte knytt til jordbruket gått ned, og var i 2004 på 16 % (for Lom, Skjåk og Vågå samla). Vidareforedling av råvarer frå distriktet har likevel teke over ein del av den primærproduksjonen vi hadde for 80 år sidan. Men også denne sekundære sysselsettinga har ein dalande tendes.

### Yrkesgrupper

Sysselsetting utanfor jordbruket på 1800-talet var avgrensa til ein og annan handverkar - slik som skomakarar, skreddarar, snekkarar, tømrrarar, smedar eller murarar. Tilsette innan handel og service var også ukjent til siste halvdel av 1800-talet, da dei fyrste forretningane og turiststadene vart starta. Arbeidet i det offentlege var heller ikkje fordelt på så mange hender. Industri var eit ukjent omgrep i Ottadalen til langt ut på 1900-talet. Det einaste var dei mange kornmøllene og eitt og anna sagbruk som sysselsette eit trettitals personar. Etter

## Yrkesaktive i jord- og skogbruk

	1801	1825	1835	1865	1891	1900	1920	1930	1946	2000	2004
<b>Hushald innan jordbruket og husmenn i Lom</b>	<b>88%</b>	<b>69%</b>	<b>68%</b>	<b>57%</b>	<b>66%</b>	<b>63%</b>					
<b>Yrkesaktive i jord-/skogbruk i Lom, Skjåk og Vågå samla</b>							<b>65%</b>	<b>63%</b>	<b>52%</b>		
<b>Yrkesaktive i jord-/skogbruk i Lom, Skjåk og Vågå samla inkludert sekundærnæring</b>										<b>42%</b>	<b>40%</b>

Kjelder: Jarnfrid Kjøk: Husmannsvesen og levevilkår 1800-talet, Hans Jakob Eide: Ottadalen 1920 - 1946 og St. Sentralbyrå 200 og 2004. Utgangspunktet for sum yrkesaktive kan variere litt frå kjelde til kjelde. Sekundærnæringa er teken med i den nye statestatikken.

## Harald dePresno: KOMMUNAL VELVILJE ER VIKTIG



Foto: Elias Sperstad/GD

HARALD DE PRESNO HAR BUDD I SKJÅK I 34 ÅR. HAN KOM TIL SKJÅK SOM E-VERKSJEF VED SKJÅK KRAFTVERK. I 1989 STARTA HAN INTERFIL, SOM I DAG ER EI BEDRIFT MED OVER 60 TILSETTE OG EI OMSETNING PÅ OM LAG 57 MILLIONAR KRONER. ETTER Å HA FÅTT INTERFIL GODT PÅ FØTENE, STARTA HAN BITEKO, EI BEDRIFT SOM I DAG ARBEIDER MED Å UTVIKLE REINSING AV LUFT OG VATN MED OZON. I TILLEGG DRIV OGSÅ BITEKO MED SERVICE INNAN BYGG OG ANLEGG, OG HAR EI EIGA AVDELING I POLEN.

Harald de Presno meiner det er viktig for ei bedrift at kommunen er velvillig med tilrettelegging og hjelp.

Det er kanskje viktigare enn kommunale tilskot, meiner han. Da han sjølv skulle starte opp Interfil, fekk han eit freistande tilbod om å leggje fabrikk til Hemsedal. Men dette fekk blankt nei etter avrøysting i familien, og fabrikk vart plassert i Skjåk. Det har han ikkje angra på.

- Eg ser verda frå Skjåk og kan ikkje førestelle meg å flytte. At kommunen har ei positiv haldning når nokon kjem med gode idear til næringsutvikling, er uhyre viktig. Kommunane sjølve kan ikkje gjere mykje utan at dei rette personane er villige til å satse. I Skjåk tykkjer eg industrien har fått gode vilkår i så måte. Kommunen har vore flink til å følgje opp bedriftene.

I ei industribedrift må ein heile tida halde seg oppdatert. Det er ei stor ulempe å vere 36 mil frå Oslo. Dette fører også til store transportkostnader. - For Interfil ligg mykje av grunnlaget for suksessen til bedrifta i at det frå første stund vart satsa tungt på marknadsføring, salg og kontaktskaping. Å slutte å marknadsføre seg er det same som å stoppe klokka. Men det er også store fordelar ved å drive industri i distrikta. Ein har eit lokalt, roleg og stabilt miljø. Dei tilsette er innstilte på å ta vare på arbeidsplassen sin. Interfil har alltid hatt ein fin arbeidsstokk med dyktige folk, seier de Presno.

Når Interfil har hatt behov for folk med spesiell kompetanse, har det av og til bydd på problem. Interfil har tilsett personar som bur og arbeider på andre kantar av landet. de Presno er oppteken av at kompetanse og utdanning er viktig for å få eit godt næringsliv i Ottadalen.

For Biteko vonar Harald de Presno at interessa for reinsing ved hjelp av ozon vil ha ein ytterlegare vekst. Det vil føre til at bedrifta om nokre år kan ha 4-6 tilsette. Biteko har jobba med utvikling i to år, og ønskjer å kome på marknaden om ikkje så alt for lenge. For Interfil er målet ei årleg omsetning på 80 millionar, noko som også vil bety ein enda større arbeidsstokk.

Generelt sett meiner Harald de Presno at utviklingsinteressa i Ottadalen er svært god. Han har god tru på framtida. - I Skjåk har vi eit interessant industri miljø med svært forskjellige bedrifter. Eg trur heilt sikkert vi kan vidareutvikle dette, og at vi kan finne nye samarbeidsformer mellom bedriftene. Både den politiske og administrative leiinga i Skjåk er oppteken av industrien i kommunen. Eg trur det vil gro i fotspora deira, seier dePresno og dreg fram ideen om ein eigen næringshage for industri i Skjåk som er ein tanke han støttar.

at svært mange hadde gjeve opp og utvandra til Amerika rundt hundreårsskiftet, dukka det etter kvart opp nye næringar også her i distriktet. Utbygging av vegnett og jernbane sette mykje folk i arbeid. I kjølvatnet kom bilen og tok over transporten etter skysskarane, som hadde farta Ottadalen opp og ned med hest og kjerre. Det eine førte det andre med seg. Det vart bruk for godsterminalar med arbeidsplassar, tilgangen til distriktet for turistar vart enklare. Dei etter kvart mange butikkane fekk eit stadig større varesortiment, og service- og handelsnæringane måtte ha fleire og fleire tilsette.

Så følgde ei omfattande kraftutbygging, med behov for mykje arbeidskraft både i Eidefoss og Skjåk kraftverk. Sekundærnæringane vart utbygde med stadig fleire og større sagbruk, meir rasjonell mølledrift og ein ny storindustri innan ysteridrift, der Lom og Skjåk Dampysteri (start 1925) og Vågå ysteri (start 1937) tok over for dei mange grende- og gardsystema. Etter 1960 gjorde så industrien sitt inntog i Ottadalen. Først kom møbelproduksjonen med behov

for mykje arbeidskraft, arbeidskraft med kvalifikasjonar distriktet vårt hadde rikeleg med tilgang på. Så kom også annan industri utan tradisjonar i distriktet på bana. Bygg- og anleggsindustrien har etter kvart sysselsett svært mange. Enkelte verksemdar har gjort gamle handverkstradisjonar til ny industrigrein. Industri, bygg og anlegg har også ført med seg ei stor transportnæring i dalen.

Servicenæringa gjorde sitt inntog for fullt i andre halvdel av 1900-talet. Bank, forsikring, handel og andre tenesteytande næringar sysselsette etter kvart mange. Reiselivet utgjør i stadig større grad ein viktig hjørnestein, sjølv om mange arbeidsplassar her er sesongrelaterte.

### Offentleg sektor i vekst

Parallelt med nedgangen i talet på årsverk innan jordbruket, har talet på tilsette i offentlig sektor auka sterkt - særleg dei siste 40 åra. På 1800-talet var det offentlege byråkratiet avgrensa til lensmann, prest og nokre få kommunalt tilsette. I Lom var to personar tilsette under paraplyen "offentlege

## Rikard Skjelkvåle: FRAMTIDA FOR LANDBRUKET I OTTADALEN

RIKARD SKJELKVÅLE DRIV SLEKTS-  
GARDEN SKJELKVÅLE I SKJÅK.  
HAN HAR VORE GARDBRUKAR  
SIDAN 1988 OG HAR DRIVE  
MJØLKEPRODUKSJON OG DYR-  
KING AV POTETER. I 2005 VART  
FELLESFJØSET EININGJE SAMDRIFT  
FERDIGSTILT PÅ GARDEN.  
SKJELKVÅLE EIG DETTE FJØSET  
SAMAN MED FEM ANDRE GARDAR.

Dei siste store investeringane innan landbruket i Ottadalen var gjorde på 70-talet. Den gongen var det reist mange nye driftsbygningar og innkjøpt mykje nytt utstyr. 30 år seinare står mange ved eit vegskilje. Ein mjølkekvote på 40-80 tonn forsvarar ikkje dei investeringane som er nødvendige og tildels pålagde ved lov. Sauenæringa slit med rovdyr-problematikken. Det er ikkje lenger lov å ha gris og kyr i same rom, noko som var vanleg i mange fjøs i distriktet før. Driftsbygning og driftsform må endrast.

Den første store satsinga innanfor jordbruket i Skjåk i seinare tid kom med purkeringen, som bygde eit stort fjøs - eit såkalla nav - i Aurmoen. Det vart brote mykje ny mark i tankane omkring korleis vi kan drive jordbruket vårt i samband med denne satsinga. Som med alt nytt var det mange sterke meiningar omkring dette tiltaket, men det er truleg denne satsinga som gjer at grisen enno er så viktig for landbruket i bygdene våre.

I mjølkeproduksjonen går utviklinga i retning av færre og større einingar. Mange kjøper kvote for å sikre framtida. Den største strukturendringa har vi fått ved at mjølkebønder har starta samdrifter. Enkelte har satsa på samarbeid der eksisterande driftsbygningar blir nytta. Andre har teke steget enda leger og bygt store felles driftsbygningar med moderne teknologi og i stor grad automatisk drift.

I Ottadalen var det ved årsskiftet fire slike store samdrifter. Tre av desse ligg i Skjåk (Einingje, Horgvin og Hugsotte), eitt ligg i Lom (Sandåe) og er samansett av brukarar frå både Lom og Skjåk.

Rikard Skjelkvåle, som er ein av eigarane i Einingje Samdrift, ser mange fordelar ved å samle mjølkeproduksjon på denne måten.

- Utgangspunktet var behovet for investeringar på eksisterande driftsbygningar og utstyr. Dei fleste stod framfor investeringar i millionklassa. Vi har nå eit topp

moderne anlegg med ein samla mjølkeproduksjon på om lag 400 tonn. Kapasiteten i anlegget ligg på vel 500 tonn.

- Nå får kvar brukar ordna arbeidstid med moglegheiter til ferie og helgefri. Bli nokon sjuk, er det likevel einkvan til å ta det nødvendige arbeidet og tilsynet med anlegget. Det daglege arbeidet blir også meir sosialt. Vi vonar desse faktorane vil gjere det lettare for nye generasjonar å overta gardane som er med i samdrifta.

- Eit slikt samarbeid gjev høve å nytte dei gamle driftsbygningane på annan måte. Når ein ikkje er så bunden til fjøset, blir det også mogleg å utvikle andre næringer.

- Det blir stilt store faglege krav til den som skal drive store driftseiningar, og det blir større økonomiske vinstar på god drift av fjøset. Dette vil styrke det faglege miljøet og inspirere til å gjere ein ekstra god jobb.

- Det er mange usikre faktorar i rammevilkåra for jordbruket i framtida. Forhandlingane i Verdens handelsorganisasjon (WTO) vil vere avgjerande for kva for ordningar landbruket vil få i framtida. Ikkje minst kampen om tollsatsane er viktig. Tilhøvet til EU er eit anna usikkert og uavklara område som vil endre rammene til landbruket. Til nå har det berre vore forholdsvis små justeringar og tilpassingar. Bonden har alltid vore både forvaltar av naturressursar og produsent av mat. I åra som kjem, kan kanskje forvaltarrolla bli styrka i forhold til matprodusentrolla. Her bør det vere moglegheiter for utvikling dersom grunneigarar og lokalsamfunn blir tilført pengar.

Jordbruksmeldinga som kom i 2002, seier at ein familie i oversynleg framtid vil kunne greie å skaffe seg eit rimeleg utkomme med ein mjølkekvote på 80-100 tonn mjølk (15-20 mjølkekyr). Det er få som trur dette er mogleg i dag. "Familiebruket" er heller ingen realitet i dag. Nesten alle som driv gard i våre dagar, hentar ein stor del av inntekta til familien utanom garden.

Rikard meiner jordbruket alltid vil vere i endring. Ny teknologi blir utvikla og teken i bruk. Føresetnadene på kvart enkelt bruk vil også endre seg etter kvart som nye generasjonar kjem til med andre interesser og nye fagkunnskapar.

- Det er viktig at gardane ikkje berre blir ein bustad, eller enda verre ein feriestad med stor tomt. Dei som bur på gardane, må vere knytte til landbruket, sjølv om det ikkje er eit fjøs med dyr på kvart bruk. Vil vi at distriktet vårt i framtida skal halde fram med å vere attraktivt å bu i, må vi ta vare på kulturlandskapet. Som element i ein turistdestinasjon blir òg kulturlandskapet vårt viktigare og viktigare.

- Framtida har alltid vore usikker. Slik det ser ut nå, er situasjonen eigentleg ikkje så negativ. I motsetning til mange andre distrikt er godt som alt jordbruksareal her i drift. Ingenting ligg brakk og ny jord blir dyrka.

*Dei store fellesfjøsa er utstyrt med avansert teknologi og mykje av det tradisjonelle fjøsarbeidet blir gjort automatisk. Frå kontoret med store vindaugo ut mot fjøset kan Rikard Skjelkvåle via datamaskina følgje med på om ting går rett for seg.*







Ro og fred, tradisjonar og kultur. Foto: Kjell Sveen Stålevik

arbeidarar” i 1801. Hundre år seinare hadde dette talet auka til 18. Atter hundre år seinare (i år 2000) var det i Lom tilsett 349 personar i det offentlege (kommunale, fylkeskommunale og statlege stillingar.) I år 2000 utgjorde dette 25 % av alle yrkesaktive i Lom. For kommunane Lom, Skjåk og Vågå samla var det i 2000 1 014 tilsette i det offentlege. Dette er vel 23 % av alle yrkesaktive.

### Arbeid i framtida

Det er lite sannsynleg at sysselsettinga innan jordbruket vil auke særleg i det hundreåret vi har gått inn i. Men dette hindrar ikkje at produksjonen kan vere på eit like høgt nivå som i dag, noko som er viktig for sekundærproduksjonen med omfattande aktivitet både innan mølle, sagbruk og meieri. Slik produksjon gjev mange i Ottadalen levebrød.

Innan offentleg sektor kan ein truleg heller ikkje rekne med at talet på sysselsette vil vekse. Dei økonomiske føresetnadene i stat og kommune blir stadig strammare. Statlege etatar blir rasjonaliserte og samkjørte. Kommunane søkjer stadig nye samarbeidsfelt seg i mellom.

Spørsmålet er da: Korleis skal vi møte framtida for å kunne oppretthalde og kanskje auke folketalet i Ottadalen?

### Turisme

Turisme er ei næring som har betydd mykje for utviklinga i Ottadalen dei siste 150 åra. Det er også ei næring som har evna å fornye seg etter som tidene har lagt til rette for det, og som framleis må gjere det for å halde tritt med turistane.

World Tourism Organization spår at i 2020 vil tre gonger så mange reise som turistar samanlikna med i 1995. Det vil seie 1,5 milliardar - om lag halvparten av desse vil reise i eller til Europa.

Ottadalen scorar høgt på at vi er langt borte frå ein uroleg verdssituasjon, terrormål og trusselbilde. Vi har reint vatn, frisk luft og vakker natur. Vi har store areal, ro og stillheit. Men dette er ikkje nok. Mykje vil spele inn når det gjeld kva turisttilstrøyming vi kan vente oss i Ottadalen - ikkje minst om Norge vil marknadsføre seg som eit turistmål i framtida.

## Bente Skaarud: TURISTAR SER IKKJE KOMMUNEGRENSER



BENTE SKAARUD ER DAGLEG LEIAR I JOTUNHEIMEN REISELIV. HO HAR BUDD I LOM SIDAN 1996. MED BAKGRUNN I REISELIVSUTDANNING FRÅ HØGSKULEN PÅ LILLEHAMMER HAR HO I DENNE TIDA ARBEIDD FOR JOTUNHEIMEN REISELIV OG NORSK FJELLMUSEUM.

Ho er oppteken av at turisten ikkje ser kommunegrensar og ikkje bryr seg om dei er i Skjåk, Lom eller Vågå. Ho meiner at turistane opp-attar Ottadalen som eitt fjellområde.

Difor har også reiselivslaga i heile Nord-Gudbrandsdalen gått saman om felles marknadsføring og anna

samarbeid. Den felles paraplyen dei bruker, er det nye omgrepet “Nasjonalparkriket”. Nasjonalpark kling godt i øyra til mange turistar, særleg utlendingar, fortel Bente Skaarud. “Nasjonalparkriket” er vidare delt i tre område: Jotunheimen, Rondane og Dovrefjell. Heile Ottadalen blir marknadsført under Jotunheimen. Bente Skaarud forklarar dette med at Jotunheimen er godt kjend for utanlandske turistar.

Skaarud legg ikkje skjul på at ei av dei største utfordringane turistnæringa i Ottadalen har, er å få turistane til å legge att mest mogleg pengar i lokalsamfunnet. I motsetning til mange andre reisedestinasjonar, kjem turistar til Ottadalen for å nytte seg av aktivitetar og tilbod som ofte er gratis.

- Det er viktig for Ottadalen å spele på det ekte og på god kvalitet. Samstundes er det viktig å framstå moderne. Vi kan ikkje ha kunstige ting i reiselivsproduktet vårt. Turistane forventar å få ekte opplevingar - og det må vi kunne gje dei, seier Bente Skaarud.

Ottadalen, og særleg Lom, blir ofte samanlikna med turistmål som Trysil,

Beitostølen eller Hemsedal. - Lom har god grunn til å føle seg smigra over slike samanlikningar. Det syner at Lom blir sett på som ein viktig reiselivsarena. Men vi kan ikkje konkurrere på den same marknaden som desse destinasjonane. Trysil, Beitostølen og Hemsedal er alle konsentrerte område med alpinanlegg. I Ottadalen og Lom har vi ingen store eigarar slik som på desse stadene. Vi har også eit mykje større område med meir varierte tilbod. Dessutan er Ottadalen ein stad turistar først og fremst besøker om sommaren, seier Skaarud. Likevel vil vinteren også vere ein viktig sesong i delar av området - særleg rundt Lemonsjøen og i Sjodalen.

Ho er ikkje i tvil om at at Ottadalen framleis vil vere eit attraktivt område for turistar i framtida, men ser at det er mange utfordringar.

- Turistnæringa vil spele ei enda sterkare rolle i Ottadalen i framtida. Næringa vil på same måte som landbruket møte store utfordringar. Jordbuk og turisme høyrer tett saman. Det er viktig med levande bygder og levande kulturlandskap. Attgroing er eit stort problem. Tek dette overhand, vil vi kunne miste mykje av attraktiviteten vår, seier Bente Skaarud.



## Nasjonalparker

Turistar etterspør rein natur. Særleg mange utlendingar er opptekne av nasjonalparker som eit kvalitetsstempel. Mykje tyder på at vi i løpet av stutt tid vil ha tre nasjonalparker i Ottadalen - Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

Tettheita av nasjonalparker vil i så fall bli høg.

I Skjåk kommune kan ein stå att med 15-20 % av arealet i kommunen som ikkje er verna.

Opprettingane av nasjonalparker er omstridde i lokalsamfunnet, men det blir sett på som viktig å ta fatt i dei moglegeheitene parkane kan gje kommunane og næringane i Ottadalen. På dette grunnlaget har kommunane i Nord-Gudbrandsdalen gått saman om prosjektet "Nasjonalparkriket", ein paraply som også reiselivslaga i dalen har teke i bruk. Tanken bak prosjektet er å utvikle Nord-Gudbrandsdalen til Nord-Europas nasjonalparkregion nummer ein. Målsetjinga er auka verdiskaping i reiselivsbedriftene og tilgrensa næringar som service og landbruk, samt vidareutvikling innan naturbasert reiseliv og nasjonalparkforvaltning.

## Hytter, ein andre heim

Hyttebygginga har i seinare år gått i stadig raskare fart i heile Ottadalen. Frå 1970 og fram til i dag har talet på hytter og fritidshus i Nord-Gudbrandsdalen nærmast dobla seg. Storleiken har auka, og det same har komforten. Stadig fleire kan kome til oppvarma hytte og nyte dei same fasilitetane som i eit vanleg bustadhus. På denne måten blir hytta for mange ein andre heim. Eigarane vel å bruke meir tid på hytta, mellom anna ved at dei kan ta med seg jobben dit og vere tilgjengelege via internett og mobil-telefon. Også for oss som er busette i dalen, er ei hytte på fjellet ein kjærkomen tilhaldsstad.

Hyttefelta i Ottadalen kan ikkje tilby store alpenser, "ski-inn" og "ski-ut", slik som til dømes Hafjell og Kvitfjell. Men interessa for hyttetomter syner at mange ønskjer hytte i meir rolege område med gode turmoglegeheiter sommar og vinter.

## Bjørn Dalen: NASJONALPARKAR OG VERN



Foto: Elias Sperstad/GD

DET ER SNART 15 ÅR SIDAN ORDET NASJONALPARK FØRST VART NEMMT MED TANKE PÅ SKJÅKFJELLA. BJØRN DALEN HAR GJENNOM DESSE ÅR ARBEIDD MED VERN OG VERNEPROBLEMATIKK I SKJÅK KOMMUNE. DEI SISTE ÅRA HAR DETTE TEKE STORE DELAR AV ARBEIDSTIDA. IKKJE BERRE SOM SAKSBEHANDLAR I SKJÅK KOMMUNE, MEN OGSÅ SOM SEKRETÆR FOR KONTAKTUTVALET FOR REINHEIMEN.

Det er eit økonomisk løft for ein kommune at det blir oppretta ein nasjonalpark innanfor kommunegrensene. Bjørn Dalen anar ikkje kor mykje tid han og andre i kommune-administrasjonen i Skjåk har brukt på å arbeide med nasjonalparkplanane gjennom alle desse åra. Tilskot frå styresmaktene har det vorte lite av. Han meiner det automatisk vert stilt krav om at kommunane må gjere det arbeidet som tilfelle dei etter kvart som planane veks fram. Bjørn Dalen fortel at kommunane og andre rettshavarar som blir berørte av Reinheimen nasjonalpark,

oppretta kontaktutvalet for Reinheimen for å stå sterkare for å nå fram med sine ønske. Våren 2006 vil det bli oppretta eit tilsvarande kontaktutval for Breheimen.

Bjørn Dalen legg ikkje skjul på at han er frustrert over måten arbeidet med vern blir gjort på, og over alle dei verne-reglane som blir pressa på kommunane. - Det er ikkje berre vern i form av nasjonalpark, landskapsvern og naturreservat som blir gjort. Det er vassdragsvern, kulturminnevern, frivillig skogvern og direktiv frå EU som bandlegg areal som kan vere utsett for flom eller ras. Det er også vern i høve til leveområda til villreinen. Bjørn Dalen seier rett ut at han er betenkt over at embetsverket pålegg så mykje vern at den lokalpolitiske makta blir sterkt innsnevra. Arealet som blir att til å drive næringsutvikling i ein kommune som Skjåk, kan til slutt bli forsvinnande lite, meiner han.

- Den norske miljøvernpolitikken er heilt unik seier Bjørn Dalen.

- Ved oppretting av nasjonalparker verkar det som om poenget er å konservere og gløyme. Det er viktigare at det skal vere strengt enn fornuftig. Det går heilt av skaffet. Det eine verneforslaget er ikkje avslutta før eit anna blir sett i gang. Det har vore 4 - 5 verneprosesser i gang samstundes. Dette er tunge prosessar som må følgjast opp over tid. Det må vere ein viss fornuft i forvaltninga, og det er viktig å differensiere mellom område slik at ein beskyttar

spesielt sårbare område og er meir lempeleg i andre. Dette er det berre lokale miljøvernmynde som har kunnskapar til å gjere.

Bjørn Dalen meiner dette er eit problem i mange kommunar i Norge. På same tid framhevar han at Skjåk er i ei svært spesiell stilling sidan storparten av arealet er i privat eige gjennom Skjåk Almanning. - Aldri før har så store private område vorte verna som nasjonalpark. Derfor betyr det svært mykje for skjåkværarar at det blir lokal forvaltning av Reinheimen og Breheimen, og at lokalsamfunnet blir tilført ressursar.

- Det finst ikkje noko budsjett for Reinheimen. Ikkje før parken er lagt fram som Kongeleg resolusjon og blir vedteken, veit dei berørte kommunane om dei får den lokale forvaltninga dei ønskjer. Mange meiner, også innan statsforvaltninga, at nasjonalparkvernet vårt ligg på eit u-landsnivå når det gjeld tilføring av økonomiske ressursar.

- Det blir heile tida sagt at miljøvern-departementet ikkje har pengar til nasjonalparkforvaltning. Men nå må det snart kome midlar til lokalsamfunna ved vern av store område. Eg vonar det ligg i løypa, men kan nok ikkje tru det før eg ser det. Det er alt for mykje vonbrot og frustrasjonar for kommunane i løpet av ein verneprosess.



## Ola Helstad: HANDLEFRIDOM TIL UTRADISJONELLE GREP



OLA HELSTAD KOM ATTENDE TIL LOM SOM NÆRINGSSJEF I LOM KOMMUNE I 1992 ETTER Å HA ARBEIDD I BANK- OG FINANSYRKE I MANGE ÅR. SIDAN 2002 HAR HAN VORE ADMINISTRASJONSSJEF I LOM KOMMUNE.

Arbeidet som blir gjort i kommunane, er på mange måtar limet som skal få ting til å hengje i hop. Dette gjeld internt i dei forskjellige kommunane, samarbeid mellom fleire kommunar, i regionen og ikkje minst inn mot sentrale institusjonar i fylke og stat.

Administrasjonssjefen meiner at kommunane må vere samhandlingsorienterte med innbyggjarar og næringsliv, og at det er denne heilheita som skaper det positive og gode omdømet som er heilt fundamentalt for å kunne framstå som ein attraktiv kommune for framtida.

- Vi skal sjølvsagt ta oss av dei ulike primærfunksjonane som barnehage, skule, helse og eldreomsorg. I tillegg må kommunane ha økonomi og handlefridom til å gjere utradisjonelle grep som gjer oss attraktive for eigne og komande innbyggjarar og etablerarar. Dersom ein gjer akkurat det same som alle andre, vil ein ikkje ha konkurransefordelar når folk

skal velje stad å bu, og stad å satse på i næringsssamanheng.

- For å kunne ha nok ressursar i form av pengar, kompetanse og kapasitet må vi samarbeide. Det er etablert mange samarbeidsordningar med grannekommunane våre, og mykje talar for at fleire vil koma til. Førsetninga for samarbeid er at det i neste omgang skal koma våre brukarar til gode. Samarbeid er nødvendig mellom anna for å kunne rekruttere tilstrekkeleg fagkompetanse og eit oppdatert og utviklingsorientert fagmiljø.

- Når det gjeld kvalitet innan natur- og friluftsmoglegheiter er vi blant dei beste i nasjonal samanheng. Lom har sagt nei til kraftutbygging og sagt nei til andre tiltak som kunne ha skapt nye arbeidsplassar, men som òg kunne ha redusert natur- og miljøkvalitetane. Det er mange døme på at god økonomi ikkje er tilstrekkeleg for å få ei positiv folketalsutvikling. Det er nok andre faktorar som er meir avgjerande i så måte. Mange meiner Lom er vel restriktive på bruken av naturen, og at dette er til hinder for næringsutvikling. Vi har likevel fått mange positive attendemeldingar for måten vi har framstått på når det gjeld miljø og forvaltning av natur og utmark. Mellom anna nyttar nasjonale styresmakter Lom som eksempel kommune for desse verdiane.

- Vi er likevel avhengig av å skape arbeidsplassar for å sikre framtidig busetjing. Vi er klar over at det mest "utradisjonelle" grepet vi kan gjere, er framleis å kunne tilby mest mogleg urørt natur, rein luft, fred og ro. Utradisjonelt i den forstand at det snart ikkje er kommunar som vel slik strategi. Spørsmålet er kor lenge vi har råd til å vente på at denne konkurransefordelen verkeleg skal slå til og eventuelt snu nedgangen i folketallet og ikkje minst

auke aktiviteten ute i grendene. Kor lang tid vil det ta før trenden snur og folk vil flytte hit på grunn av dei verdiane vi kan tilby ved framleis å ta vare på naturen rundt oss? Det er dilemmaet vi kjenner når viktige prioriteringar skal gjerast, og som vi meiner styresmaktene i mykje større grad må gripe fatt i og kompensere for. Same korleis det er, må det frå staten si side vere eit naturleg grep å leggje opp til lokal forvaltning av utmarksområda våre.

- Premissane for økonomi og handlefridom blir lagt sentralt. I løpet av dei siste åtte åra er det ingen tvil om at det har vore ei sterk innstramming i kommunal økonomi. Trykket har letta noko etter det siste valet med ytterlegare lovnader om betring i tida som kjem. Eit døme på eit viktig distriktpolitisk verkemiddel som er ubyråkratisk og som gjev resultat, er ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift, som vart borte under den førre regjeringa. Denne ordninga er nå heldigvis på tur inn att. Distriktpolitiske verkemiddel er heilt avgjerande for vår eksistens. Det kan likevel skje ting som kan endre dette nesten over natta. Nye regjeringar, kraftige fall i oljepris, eksport- og importrestriksjonar, uro i verdssamfunnet eller andre hendingar kan føre til at den økonomiske kursen må justerast. Slike endringar må kommunen ta høgde for.

- Det finst midlar til ulike føremål både i departement, fylke og region. Innovasjon Norge, som mellom anna har ei målsetting om ein auke på 30 % i turisttrafikken til Norge fram til år 2010, tok i 2004 over oppgåvene til Statens Nærings- og Distriktsutviklingsfond (SND), Norges Eksportråd, Statens Veiledningskontor for Oppfinnere (SVO) og Norges Turistråd. Kommunane har eit nært samarbeid her og hjelper til med samarbeid og kontaktar.

## Småsamfunnsatsing

Situasjonen for dei fleste utkantskommunane er det same - folketallet har lenge hatt ein tendens til å gå ned. Det motsette skjer i byar og bynære område med stutte avstandar til arbeidsplassar og eit stort og variert kulturtilbod. I tillegg har regionsenter og tettstader med omfattande skulemiljø ein tendens til å klare seg godt i "kampen" om innbyggjarar. For å demme opp mot nedgangen i folketallet i såkalla småsamfunn har det frå Staten si side vore sett inn mange tiltak.

I 1996-1997 kom stortingsmelding nr. 31 (1996-97) "Om distrikts- og regionalpolitikken" og i 2000-2001 kom stortingsmelding nr. 34 der den førre regjeringa la opp til ei brei satsing på "at det i den fireårsperioden skulle gjennomførast "ei eiga småsamfunnsatsing mot område med stor nedgang i folketal".

Den nye regjeringa har teke tak i desse planane og varsla ein offensiv og målretta distrikts- og regionalpolitikk.

Som ein del av dette vil regjeringa med statsråd Åslaug Haga i Kommunal- og regionaldepartementet i spissen yte ein spesiell innsats retta mot dei mest utsette kommunar og lokalsamfunn. Distrikts- og regionalmeldinga (juni 2006) inneheld ein heilskapleg presentasjon av denne småsamfunnsatsinga. Småsamfunn er her definert som område med lange avstandar til regionale senter, vedvarande folketalsnedgang og sårbar næringsstruktur.

## Kva med framtida?

Det knyter seg alltid stor spenning og usikkerheit til framtida. Ikkje på noko felt kan vi vere heilt sikre på kva som vil møte oss.

Vi høyrer det stadig: Utviklinga går så fort at vi ikkje greier å følgje med. Vi kan ikkje stoppe denne utviklinga. Vi må vere med, og vi må tilpasse oss slik samfunnet til ei kvar tid vil vere. Likevel er det viktig at vi tek vare på eigenarten vår og finn vår plass.

Nettopp dette med å finne vår plass er ei stor utfordring. Vi høyrer stadig om bekymring knytt til nedgang i folketalet og arbeidsplassar som blir borte. Utfordringa ligg i å spele på det som er bra med Ottadalen og finne vekstområde.

### Livsstil

Livsstilen vil bli endra i takt med måten samfunnet vårt utviklar seg på. Kanskje vil mange av dei helseproblema vi har i dag bli heilt borte. Kanskje kan ein reparere skada hjernevev og kanskje ikkje akseptere at ein del sjukdommar ikkje kan kurerast. Kanskje kan smerte bli eit ukjent omgrep. Kanskje kan vi ete vitaminar, tilskot og medisinar spesielt tilpassa kvar enkelt av oss for at vi ikkje skal bli sjuke. Kanskje vil aldring i form av svekka helse og livskvalitet bli borte ved at vi stadig nedkjempar nye sjukdommar og plager. Levealderen kan bli enda høgare. Men andre sjukdommar kan ein kanskje ikkje få bukt med, og oppleve som epidemiar.

Behovet for å utvikle seg sjølv vil kanskje resultere i enda større interesse for meditasjon, mystikk, åndsliv og religion. Islam vil kanskje i løpet av dette hundreåret vekse seg større enn kristendommen. Kanskje vil likestillinga ha kome så langt at kampen mellom kjønna ikkje lenger eksisterer. Kanskje vil konfliktane heller oppstå i klasseskilja, som kanskje blir enda sterkare enn i dag. Og kva med måten vi lever på i høve til familien. Generasjonsheimane er forlengst borte. Familiemønstra er i ferd med å bli vatna ut. Utviklinga går i retning av fleire ulike familiesamansetjingar både når det gjeld tilhøvet mellom skilde foreldre og nye familiar, homofili og tverrkulturelle forhold.

### Terror

Den internasjonale terroren kryp stadig nærare. I framtida kan vi kanskje oppleve at terror vil skje på nye område. Stadig fleire kan kome til å ta i bruk ekstreme tiltak som terror for å setje fokus på dagsaktuelle saker.

### Teknologi

Vi vil med sikkerheit omgje oss med stadig nye former for teknologi. Det som i dag er nytt og moderne, vil om nokre få år kanskje vere heilt borte. Mobiltelefonen, digitalt kamera og mp3-spelaren er kanskje borte som sjølvstendige einingar. Kanskje vil vi alltid ha ein liten berbar datamaskin med oss – eit multiverktøy som kan hjelpe oss med det meste. Vi vil kanskje oppleve at alt utstyret i heimen blir "trådløst" og kommuniserer at ljuset og varmen slår seg på i rom der det er folk. Fjernsynet vil kanskje kunne visast direkte på vegg, og ein kan sjølv bestemme kva ein vil sjå til kvar tid. Kanskje vil alle produkt i framtida kommunisere. Kanskje vil kjøleskapet få melding dersom noko er utgått på dato. Eller vaskemaskinen vil få melding om kva for vask kledda kan tåle.

Men all den nye teknologien vil gjere at det vil vere heilt umogleg å vere anonyme. Vi legg alt i dag att elektroniske spor i mykje av det vi føretek oss.

Vi har nå vore inne i industrisamfunnet i mange tiår. Alt om 20 år kan vi for fullt vere inne i den såkalla Nanoalderen. Vi får klede som aldri blir svarte eller utslitne. Vi får trehus som ikkje kan brenne ned. Alt vi omgjev oss med, er bygt opp av atom som er naturen sin eigen byggstein. Med nanoteknologi kan ein setje atom saman på andre måtar enn dei er samansette frå naturen si side. Vi vil da finne fram til heilt nye eigenskapar



Langt frå terrormål og krig. Ein fjelltopp som speglar seg i ein istapp på seterhuset. Foto: Aud Hove





Motvind. Foto: Kjell Sveen Stålevik.

# Framtidsbygda

Men korleis vil samfunnet i Ottadalen utvikle seg i takt med alle dei endringane som skjer i verda? Prognosane er klare – folketalet vil framleis gå ned. Vi vil få store omveltingar i bygdesamfunna. Landbruket er ikkje lenger ein stø grunnmur for vår eksistens. Mykje har skjedd dei siste åra, og mykje vil heilt sikkert skje i åra som kjem. Kommunane kjempar ein kamp for auka overføringar frå staten, ein kamp for å skjerpe fokuset på distriktet. Vi mister offentlege etatar i sentraliseringsprosessar og må stadig kjempe for å behalde sjukebil, legevakt, politivakt, veterinærvakt og andre instansar som høyrer med for at vi skal kjenne oss trygge. Vi bur langt frå Oslo og langt frå dei store pengestraumane. Langt frå dei som bestemmer og tek avgjerder. Langt frå dei store media. Langt frå dei som har påverkningskraft i Norge.

I 2005 fekk Landbruks- og matdepartementet utarbeidd fire scenario kalla "Framtidsbygda". Desse syner korleis bygdene i Norge kan utvikle seg fram mot 2020. Prosjektet la vekt på at ei bygd ikkje er ei isolert øy, men ein bit av eit globalt samfunn. Det er mykje som verkar inn på korleis bygdene våre vil utvikle seg, og det knyter seg derfor stor usikkerhet til korleis utviklinga vil bli. Prosjektet konkluderer mellom anna med at 100 småkommunar vil bli borte før 2020. Det er truleg kommunar i kyststrok i Nord-Norge og Trøndelag, og i dalføra på indre Austlandet som vil bli borte først.

Av dei fire scenaria som vart utarbeidd, kan ein sjå for seg at Ottadalen kan hamne i to av dei. I "Motvind-bygda" eller i "Anti-jante-bygda". Får vi ei negativ utvikling, negative trendar, avfolking, tap av arbeidsplassar, stor arbeidsløyse og mangel på tilbod til innbyggjarane? Eller vil det bli ei positiv utvikling med folkevekst, nye arbeidsplassar og auka tilbod til innbyggjarane?

## Motvind-bygda

I "Motvind-bygda" er det ikkje mykje positivt å sjå for framtida. Her vil det meste gå i negativ retning. I aller verste fall kan vi tenke oss ein situasjon der styresmaktene ikkje ser gevinst i å produsere mat i forholdsvis kostnadskravjande einingar i utkantsdistrikt, og ikkje ser på Ottadalen som eit område der det i det heile teke skal vere landbruk.

Samstundes blir avgrensingane når det gjeld transportsformer eit hinder for at industrien skal utvikle seg. Arbeidsplassar går tapt både i indu-stri, transport, bygg- og anlegg. Turismen vil avta i takt med at gardane blir avfolka og kulturlandskapet ikkje blir vedlikehalde. Styresmaktene og lokalsamfunnet si satsing på å få turistar hit er mislykka. Det hjelper ikkje at vi har høgjells-område og skogsområde når tilboda og infrastruktur ikkje held mål. Arbeidsløysa aukar, stadig fleire er avhengige av trygdeytningar, og lønnsnivået kjem stadig meir på etterskot. Styresmaktene ser det ikkje som samfunnsnyttig at det bur folk i utkantstrok som Ottadalen.

## NEDERLENDARAR TIL OTTADALEN

I Nederland bur folk tett. Nederland utgjer ein tidel av Norge, er nesten utan landsbygder og uberørt natur, har 16,5 millionar innbyggjarar og har netto utflytting. Fleire nederlendarar har alt busett seg i Ottadalen, og enda fleire ser det ut til å bli. Lom kommune har hengt seg på eit prosjekt saman med Lesja, og har som mål å få minst 30 nederlendarar til å busette seg i dei to kommunane.

Lom og Lesja har inngått ei avtale med byrået Placement Utvikling der kommunane på det næraste blir garanterte å få til saman minst 30 nederlandske nye innbyggjarar. Kanskje kan prosjektet bere frukter alt hausten 2006.

Mange nederlendarar vel å flytte frå landet fordi dei tykkjer det er for trangt der, og fordi dei ønskjer å bu nær naturen og ha moglegheit til å bruke den aktivt i fritida. Men dei ønskjer også større bustad, betre oppvekstmiljø og eit miljø med lite kriminalitet.

Så langt bur om lag 5 000 nederlendarar i Norge, men Norge er ikkje det landet dei fleste nederlendarar vel når dei ønskjer å flytte. Likevel er det mange som ser at Norge har kvalitetar dei ønskjer seg. Nordmenn og nederlendarar er ganske like. Også språka er ganske like. Såleis lærer spesielt nederlandske barn norsk, og til og med norske dialekter, fort.

Tjallien Kalsbeek i Placement Utvikling meiner Ottadalen har mykje å by på som nederlendarar kan ønskje seg. Ho seier at nederlendarar kanskje set det å kunne omgje seg med vakker natur enda høgare enn vi som alt bur her. Moglegheitene til å bruke fjella og gå på ski om vinteren er freistande for mange. Dessutan er nærleiken til fjordane ein føremon, samstundes som avstandane til dei store byane heller ikkje er for stor.

Tjallien meiner den største utfordringa ligg i korleis tilflyttarane skal kome seg i arbeid. Mange nederlendarar vel å starte eiga verksemd, alt frå reiselivsbedrifter til tekniske bedrifter. Men mange ønskjer også

Difor finst det ingen lette på skattar og avgifter verken for private eller bedrifter. Det vert sett på som best for storsamfunnet at vi samlar oss i større konsentrasjonar rundt middels eller store byar.

Samstundes gjer dei lange avstandane til nødvendige institusjonar som sjukehus at trygghetsfaktoren blir svekka. Ungdommen finn ikkje gode og varierte fritidstilbod, og får difor ikkje gode relasjonar til bygda, slik at dei ønskjer å busetje seg her som vaksne. Dei urbane kvalitetane freistar meir. Klimaet har gjort at vintrane er blaute og svarte, og at breane er i ferd med å smelte bort. Det gror att rundt oss. Den dyrka jorda blir i liten grad vedlikehalden, og manglande liv på gardane i grendene gjer det lite attraktivt for andre å busetje seg her.

Ottadalen har utvikla seg til å bli eit lite attraktivt område, som blir kjenneteikna av høg arbeidsløyse, dårleg tryggleik og dårleg livskvalitet.

### **Anti-jante-bygda**

“Anti-jante-bygda” opplever derimot ein positiv trend, der det blir satsa på å marknadsføre bygda, der det blir tenkt alternativt – og der ting sakte, men sikkert går i positiv retning.

Ottadalen blomstrar opp i takt med at etterspurnaden etter kortreist mat aukar, i takt med strevet for å unngå unødvendig energiforbruk når det gjeld transport.

Styresmaktene ser også på mattryggleik som viktig og ønskjer difor oversiktlege driftseiningar, slik vi har i Ottadalen. Ottadalen blir eit satsingsområde der det skal haldast liv i gard, grend og bygdesenter. Vi har unike naturkvalitetar å by på, og desse er ein viktig del av marknadsføringa av Norge som turistmål.

Turistane vili sin tur også vere med på å halde sysselsetjinga oppe og gje lokalbefolkninga betre tilbod i form av butikkar, serveringsstader og kulturtilbod. Vil vi oppleve at folk frå byar og andre land ønskjer å flytte hit på grunn av dei kvalitetane vi har å tilby. På grunn av desse kvalitetane vel også næringslivet i enda større grad å satse på Ottadalen.

Dei vil ha folk i arbeid som bur på ein stad der dei trivst.

Lønnskilnaden mellom by og land blir viska ut, og staten har sett inn sterke verkemiddel for å leggje til rette for etablering i utkantsstrok, mellom anna med bortfall av arbeidsgjevaravgift og lågare skatte- og avgiftsnivå. Den teknologiske utviklinga har gjort at det aller meste av arbeid og produksjon like godt kan utførast her som i store byar eller andre land.

Ottadalen er eit levande samfunn med eit kulturelt mangfald, som gjev eit breitt tilbod både til barn, ungdom og vaksne. Ungdommen får positive relasjonar til bygda og heim, og ønskjer å kome attende etter ein luftetur ut i verda. Ny teknologi har gjort at dei aller fleste tek utdanning frå heimstaden, noko som har ført til eit høgare kompetansenivå på mange felt lokalt.

Eit stadig betre offentleg kommunikasjonsystem og eit tryggare og betre vegnett gjer at det er både enkelt og trygt å reise til byane og andre land.

Ottadalen har utvikla seg til å bli eit attraktivt område som blir kjenneteikna av ressurssterke innbyggjarar og eit ressurssterkt næringsliv, trivsel og høg livskvalitet.





Trivsel og livskvalitet. Foto: Asbjørn Myrhaug

**Kjelder:**

René Descartes: Meditasjoner  
Immanuel Kant  
Platon: Skrifter  
Jean-Jacques Rousseau  
Thomas Aquinas  
G. J. Herder  
Arne Næss: Livsfilosofi  
Hans Jakob Eide: Ottadalen  
St. Sentralbyrå  
Rikard Skjelkvåle  
Sæbjørn Forberg  
Arne Brimi  
Guttorm Horten  
Ola Helstad  
Jarnfrid Kjøk  
fjellregionen.no  
Statistisk sentralbyrå  
Utenriksdepartementet: Nasjonal strategi for bærekraftig utvikling  
Østlandsforskning, Lillehammer og Hamar: Indeks 2002 Innlandet  
Econ Analyse: Strategi for norsk reiselliv mot 2015  
Rogalandsforskning på oppdrag fra Landbruks- og matdepartementet: Framtidsbygda  
Aftenposten/A-magasinet  
Dagbladet  
Nationen  
www.nersc.no  
www.met.no  
Fylkestyngdekantoret  
Nord Gudbrandsdal Renovasjonsselskap  
Jordmor Ellen Olasveen  
Statens Vegvesen  
Aetat  
Ellen Wold  
Bente Skaarud/Jotunheimen Reiseliv  
Tjallien Kalsbeek  
Bjørn Dalen/Skjåk kommune  
Rune Øygard/Vågå kommune  
Harald dePresno  
Håvard Teigen  
Horisont 21 - scenarier ved et nytt årtusen

# SpareBank Lom og Skjåk

2688 LOM

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK

Telefon: 61 21 35 00

Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ

Telefon: 61 23 94 50

Telefaks: 61 23 94 51

[www.lomogskjaak.sparebank1.no](http://www.lomogskjaak.sparebank1.no)

[bankpost@lomogskjaak.sparebank1.no](mailto:bankpost@lomogskjaak.sparebank1.no)

Design, utarbeiding og ide: Visus, Lom.

Tekst i temadel: Visus, Lom.

Trykk: Østfold Trykkeri, Askim.

Foto utan namn på fotograf: Visus.

Foto omslag: Kjell Sveen Stålevik